



Notat

Dato: 19.12.2018
Arkivsak: 2017/3304-3
Saksbehandlar: hanespe

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

STI-konferansen 2019

Den Norske Turistforening (DNT) og Friluftsrådenes Landsforbund (FL) har arrangert STI-konferanse annakvart år frå 2015, og har gleda av å invitere til ny konferanse 12.-13. mars 2019.

Konferansen vert arrangert i Bergen i samarbeid med Gjensidigestiftelsen, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Bergen og Hordaland Turlag, Bergen og Omland Friluftsråd og Miljødirektoratet.

Måla for STI-konferansene er:

- Sette stiar på dagsorden, styrke fagleg grunnlag og forståing.
- Auke merksemda og forståinga for stien sin tyding.
- Styrke samarbeidet mellom alle som har ansvar for stiar.
- Sette fokus på stien sitt rettsgrunnlag og korleis ivareta stien i plansamanheng.
- Utvikle og formidle det faglege arbeidet med å tilrettelegge og synleggjere stiar.

I 2019 vert avslutninga av Turskiltprosjektet markert, og har såleis også desse spesifikke måla:

- Oppsummere og feire resultatata av Turskiltprosjektet.
- Presentere verkemiddel og reiskap for stien vidare etter Turskiltprosjektet.

Målgruppa for konferansen omfattar alle fra beslutningstakarar til praktikarar:

- Nasjonale beslutningstakarar innan friluftsliv, frå myndigheiter og organisasjonar
- Turistforeningar, friluftsråd og andre regionale og lokale organisasjonar som jobbar med STIar
- Fylkeskommunane og interesserte kommunar
- Ressurspersonar i arbeidet med STIar

Vedlagt program og påmeldingsinformasjon.